

Ordskifte

INNLEGG OVER 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM KAN BLI NEDKORTA
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

Ikkje oppdatert

JAGARFLY
JOHN BERG
OG ARVID BRYNE
OSLO

I Dag og Tid 4. mars skriv Bjarne Eikefjord, leiar i Nordområdegruppa i Internasjonalt forum, Oslo Arbeiderparti, at Pentagon «stadfeste for Reuters 17. desember i fjor at prisen på (kampflyet) F-35 kjem ned i USD 60 millionar når produksjonen når toppen kring 2016. Andre signal ligg ikkje føre frå amerikanske forsvarsstyresmakter.»

Betre kan ikkje Eikefjord illustrera at han ikkje er oppdatert i denne saka.

Fakta er at USD 60 millionar er eit mål produsenten, Lockheed Martin, er pålagt å freista nå, men som ingen trur dei vil greia. Det gjer heller ikkje amerikanske forsvarsstyresmakter, som mest ein gong i veka rykkjer ut med sin otte for prosjektet. Den siste utrekinga frå Pentagon finn vi i framlegget til forsvarsbudsjett for 2012. Der står det at ein i budsjettåret 2016 (frå 1. oktober 2015) planlegg å tinga 108 F-35. Av desse skal sytti vera av typen F-35A, den versjonen Noreg vil ha. Flya vil verta leverte rundt 2018. Prisen for F-35A er sett til USD 110 millionar per fly. Ein må ta omsyn til at det amerikanske flyvåpenet på den tida vil ha gjort mykje av grunninvesteringane for flytypen, medan nye kjøparar vil ha alle grunninvesteringar framfor seg.

Eikefjord meiner at det vi skriv om Nederland og Canada, er «udokumentert». Han kjenner med andre ord ikkje til dei heftige debattane om dette temaet i desse landa, sjølv om desse er grundig dekte i media bae stader. Han siterer frå Forsvarsdepartementets grunnlagsdokument til Stortinget. Dette dokumentet vart ikkje lagt fram då saka vart presentert 20. november 2008. Slik kunne folka i Forsvarsdepartementet mykje kløktig manøvrera ut all informasjon om Gripen frå stortingproposisjonen som vart lagt fram 19. desember. Tala frå presentasjonen 20. november og frå grunnlagsdokumentet vart møtte med gapskratt i utlandet. Dei norske tala for Gripen har inga støtte i land med avansert flyindustri, og som slik har eit heilt anna profesjonelt grunnlag for sine vurderingar av Gripen.

Når Eikefjord svarar på vår påpeiking av dette med å sitera frå det same grunnlagsdokumentet, kan vi ikkje gjera anna enn å visa til dei mange klare og tydelege signala frå amerikanske forsvarsstyresmakter og mange andre frittstående instansar, som seier at prisen på flya vert mest det doble av det ein opererer med her i landet.

Verdsborgaren – som teologane ikkje ser

ARNE GARBORG
ROLF ERIK SOLHEIM
ARVIKA

Og så er dei i gang igjen, teologane. Og skal setja Arne Garborg på plass teologisk. For meir enn hundre år sidan skreiv han boka *Jesus Messias*, og teologane kasta seg over henne for å riva henne i fillebiter. Og i den nye boka *Med lykti i hand* som Dag og Tid skriv om 21. januar, tek to teologar på nytt opp tråden og skal finna ut kor Garborg stod teologisk. Spørsmålet er det same som for hundre år sidan: Er det dei teologiske brillene som gjer at dei ikkje klarer å gjennomskoda Garborg? Er dei så opphengde i sin eigen teologi at det vert berre overflatiske betraktningar om han ville vore ein kristen i dag eller ikkje? Eller var han berre ein «tråkig moralfilosof»?

Når ein skal finna ut kor eit menneske står med sitt livs- og verdissyn, må ein gå til grunnen og sjå hans liv som heilskap, som ei gradvis utvikling. Dette gjeld spesielt for Garborg som gjekk gjennom mange fasar av tvil og tru til fram til han skreiv *Troen på Livet* i 1894. Og spesielt må ein ta med «den avklara ro» som Hulda fortel om og som prega han dei siste tjue åra.

Dette gjer ikkje teologane. Eskil Skjeldal konsentrerer på

Den burtkomne Faderen, som han rett nok karakteriserer som «noko av det beste som finst på norsk av kristen mystikk», medan Arnfinn Haram som katolsk prest ikkje klarer å sjå at den gnosis som Garborg er inne på ikkje lèt seg teologisera. Han gjev då også opp og skriv at det er poesien som gjer inntrykk.

Tor Lie har i si religionspsykologiske doktoravhandling ved Lunds universitet i 2007 (som ingen av forfatarane i den nye boka har med) slått fast at etter 1894 er Garborg ferdig med sin religiøse strid og har forma seg eit permanent livssyn. Denne livsåskodinga, basert på livet sjølv, og alt han skreiv seinare er prega av denne «omvendinga til livet». Frå tidlegare religiøst grubleri og ateisme kjem programklæringa formulert i *Troen på Livet*, og straks etterpå den store eksplosjonen *Haugtussa*. Her kastar han seg ut i fritt løp, og – gjennom den synske Veslemøy – opplever han at alt i naturen har liv. Den burtkomne Faderen og *Jesus Messias* set eit slags punktum for denne prosessen, som konkluderer med eit livssyn som korkje er ateisme eller kristendom, men som meir er i slekt med grunn-tankane hos Leo Tolstoy og Mahatma Gandhi. Han formulerer seg slik i dagboka 23.2.1907: «I 'Den burtkomne Faderen' og

'Jesus Messias' har eg gjort det eg kunne til å jamne Veg for Folk av mitt Slag, jamne Veg, så dei kann finne fortare, og dermed vel lenger fram enn eg kunne vinne. Eg skjønner meir og meir, at eg her har gjort det eg kunne gjera; og då min Veg låg her, så må eg og tru at eg har gjort det eg skulle gjera (...) eg er glad for at eg fekk leva so lenge at eg kom så vidt 'til Ro'; fekk sjå utover Tilværet mitt i Samanheng. Som Livet var lagt til Rettes for meg, så var det dette religiøse eg fyrst og fremst måtte klara.»

Her peikar han ut vegen vidare for andre søkjarar som var som han. Han kallar dei «folk av mitt slag». Og med dette var han ferdig med å leita etter meininga med sitt liv. Han er ikkje lenger ein religiøs søkjar, slik Skjeldal hevdar han var heile livet. Ein har i forskinga på Garborgs livssyn sett dette som eit religiøst prosjekt. Men i lys av konklusjonen i *Jesus Messias* og mange artiklar han skreiv seinare, ligg det nærare å kalla «omvendinga» hans, for ei spirituell oppvakning. LIVET er for Garborg i seg sjølv så kolossalt, så overveldande, stor-slått og mystisk at det utan teologi, prest eller kyrkje kan vera gjelegiar til Gud. I boka *Livet – og andre forunderlege ting* vert trua hans på Livet sett i perspektiv av Leo Tolstoj, Albert Schweitzer og Henrik Wergeland.



Dei siste tjue åra kjem han gong på gong tilbake til konklusjonen på sitt Jesus-Messias-prosjekt og utvidar dette til eit samfunnsprosjekt. Som riksrevisor på Stortinget frå 1879 til 1887 hadde han fått innsikt i heile det norske økonomiske og politiske systemet og lagt grunnlaget for sitt sosiale samvit og si granskarevne. Denne fekk han bruk for tjue år seinare då han skreiv sin revisorrapport på Nytestamentet: *Jesus Messias*. Då oppdaga han samstundes den amerikanske sosialøkonomen Henry George.

Hulda skriv om tida etter 1905:

«Radikal og eldhuga som ein ungdom, utrøytande, trassig og seig heldt han på med å 'hamre inn i folk', at det einaste som etter hans meining no kunde berge Noreg, ja heile verda, var at jorda, liksom luft og vatn, vart fri for alle, etter Henry George's grunntanke.»

Om Skjeldal og Haram hadde teke av seg sine teologiske brillar, ville dei ha oppdaga eit livs- og samfunnsyn som går rett i strupen på dei problem som den globale økonomien i dag har fanga verda i. Økosofen og verdsborgaren Arne Garborg er mykje større enn dei fleste litteratar og teologar ennå har oppdaga.

Rolf Erik Solheim kallar seg fritenkjar emeritus.

Var Jesus kristen?

ARNE GARBORG
JON HELLESNES
KVALØYSLETTA

Spørsmålet i overskrifta får eit grunnleggjande svar i eit av skriftstykkene mine. Det står i antologien *Med lykti i hand*. Arne Garborg som diktar og tenkjar. Svaret mitt er NEI, Jesus frå Nasaret var ein førkristen religiøs forkynnar. Kristendomen blei oppfunnen etter hans tid. Dette må ha gjort teologen Anders Aschim både oppøst og forvirra. I alle høve har han ikkje makta å levere noka nøktern bokmelding i Dag og Tid 4. mars. Surret hans går verst ut over meg. Derfor desse orda om kva skriftstykket mitt handlar om.

Eg skil mellom Garborgs kritikk av religion og metafysikk på den eine sida og det eg kallar Garborgs konstruktive moralteologi på den andre. Den førstnemnde aktiviteten blir

framheva som framifrå. I dette stykket er Garborg ein europeisk tenkjar i stort format. Det er sært å sjå bort frå at dette er eit hovudpoeng i skriftstykket mitt. Til den såkalla moralteologien har eg derimot ein del kritiske merknader. Men eg er også inne på emnet «den historiske Jesus», og Aschim har gjort dette til eit hovudemne.

I boka *Jesus Messias* (1906) hevdar Garborg at Jesus har blitt «umdikta». Det han seier om denne «umdiktingi», samsvarar med den sekulære historiske granskinga av emnet «den historiske Jesus» som hadde høgkonjunktur på 1800-talet. Men det finst også passasjar hos han som på ingen måte får noka stadfesting der. Garborg pretenderer nemleg å bere fram ein sentral del av Jesu bodskap, «hans sanne Fagnadbød». Men versjonen hans av Jesu lære er utan tru på Gud

og udøyelegdomen. Å vere ein trugen Jesu læresvein på ateistisk grunnlag er eit merkeleg prosjekt. I det minste må ein kunne seie at framstillinga til Garborg skil seg radikalt frå den som finst hos dei som har granska «den historiske Jesus». Eit bra oversyn over denne granskinga, inkludert resultatata, finst hos Albert Schweitzer (1913), Karl Jaspers (1962) og Will Durant (1981). Bildet som formar seg, er slik: Det sentrale i Jesu forkynning gjeld endetida og oppstoda av Guds rike gjennom Guds eigen intervensjon. Bodskapen er at gudsriket snart er ein realitet. Disiplar og andre i Jesu krins vil oppleve det i si eiga levetid.

Aschim gjer eit stort nummer av mangelen på referansar til «nytestamentleg forskning dei siste tretti åra», altså frå om lag 1980 og frametter. Kor relevant er den innvendinga? For det

første døydde Garborg i 1924, for det andre kan forskingsresultat frå 1800-talet framleis stå sterkt, for eksempel dette at Jesus var ein førkristen apokalyptikar. Granskinga til Franz Overbeck er framleis viktig. Eg for min del aksepterer ikkje eingong at bibelkritikken til Spinoza frå 1670 er forelda. Dessutan har eg skrivne dette: «Forsøket på å lage ein verdsleg livsfilosofi og etikk på grunnlag av Jesu forkynning, er fäfenget.»

At ein moderne teolog ikkje likar dette, er forståeleg. Like fullt er det ille at Aschim går berserk. Det skjer i ingressen, der det heiter seg at det verste med heile antologien er «kunnskapsløysa til Jon Hellesnes». Her liknar Aschim på ein kvikk og kristeleg oppseda av ungdom som brått har fått vikariat hos Inkvisisjonen.

Jon Hellesnes er professor emeritus i filosofi.